

VEDTATT PÅ LANDSMØTE 1987

Kapitalismen –mindretalet har makta

Noreg er idag eit kapitalistisk samfunn. Kapitalismen er eit samfunn kor mindretalet har makta over det store fleirtalet. Mindretalet sine interesser avgjer, til tross for at desse interessene står i motseiing til fleirtalet av folk sine.

Dette betyr at vi er styrt av ein kapitalistisk økonomi og er ein del av den kapitalistiske verdsmarknaden. Den kapitalistiske produksjonsmåten er produksjon for maksimal fortjeneste eller profitt.

Det er eit lite fåtal som eig og kontrollerer produksjonsmidlane og som til ei kvar tid bestemmer kva som skal produserast og mengda av dei ulike produkta.

Varar vert produsert når nokon kan tene på dei. Varar slutter å verte produsert når fortjenesta på dei minkar. Då set ein kapitalen inn i andre meir lønsame sektorar.

I prinsippet er det uinteressant kva som vert produsert, produksjon for å dekke verkkelige behov skjer berre innan

rammene av at det er tilstrekkeleg lønsamt.

Varemarknaden er prega av sterk konkurranse. Når for mange produserer ein varetype, vert kapitalismen tvunga til å utvikle stadig nye og meir lønsame måter å produsere på som gjer at ein kan kome under konkurrentane i pris. Berre dei som greier dette vil overleve.

Kapitalismen øydelegg den jorda vi bur på - gjer det umogleg for menneske og dyr å leve her. Kapitalismen drept tusenvis av menneske kvart år, gjennom krig, svolt, fattigdom og miljøødelegging.

Omstillinga og skulen

Det som pregar heile den vestlege verda no, er at den tradisjonelle industrien har vorte umoderne. Den nye teknologien sprenger gamle rammer for produksjonsmetodar og lønsemd. Robotar tek over plassen til menneska i til dømes bilindustrien. Eit anna døme er gruveindustrien. I land som Belgia og England som tradisjonelt har

nytt kolfyring, vert nå kolet erstatta med atomkraft og gass. I kjølevatnet av denne moderniseringa mister mange tusen menneske arbeidet, utan å få tilbod om noko nytt. Dette fordi den nye teknologien krev så liten innsats av menneskeleg arbeid, og at dei sektorane som treng mykje menneskeleg arbeid, som helse og sosial, kalla ulønnsame. For her kan ein ikkje tene inn att, i pengar, det ein legg ut.

Omstillinga av Norge

Denne omstillinga, som rammar alle dei vestlege landa, rammar og Noreg. Sulis, Tysse-dal og Mo i Rana er alle døme på det. Det føreligg planar for omstilling av 104 såkalla einsidige industristader, konkretisert i Buvikutvalets innstilling. Det som her vert kalla omstilling er i røynda nedlegging, for det finnst ikkje grunnlag for anna lønsam industri på desse stadane, som alle i hovudsak er i utkantstrok.

Problemet er at den nye teknologien, som har revolusjonært produksjonen, er mykje billigare enn tradisjonell produksjon. Den gjer prosessar raskare og enklare, men mest av alt, den er så høgt utvikla at den treng lite menneskeleg arbeidskraft.

Den teknologiske utviklinga er i ferd med å snu om på heile samfunnet og kapitalismen må tilpassast dette.

— Gamle industrier vert lagt ned i stor mon som «ulønnsame». Heile industisamfunn vert lagt ned og forsvinn.

— Produksjonen vert rasjonalisert, det trengst færre folk til å produsere fleire varer. Dermed vert fleire arbeidarar overflødiggjort.

— Kapitaleksporten aukar, norsk industri vert flytta ut av landet til land der det er billigere å produsere.

— Distriktsrasering, - småindustri, fiske og jordbruk vert rasert. Dette er ulønnsame bedrifter som kapitalismen ikkje har råd til å halde gåande. Folk vert tvinga til å flytte frå landsbygda.

— Den nye teknologien treng færre ekspertar/fagarbeidarar og fleire «knappetrykkarar»/spesialarbeidarar, med snevre arbeidsområde og lite innverknad over produksjonen.

— Eldrebølga som har vorte spådd i årevis vert stadig større. Dette tvinger fram fleire arbeidarar i offentleg sektor. Dei største konstrasjonar av arbeidarar finn vi i dag innan offentleg sektor/omsorg, dette er kvinnearbeidsplasser og «ulønnsame» arbeidsplasser.

Alle disse endringane har enorme konsekvensar for heile samfunnet. Borgarskapet har innsett at enda større reformar må til for å takle omstillinga. «Fleksibilitet» har vorte borgarskapet sin sesam, sesam. Yrkeskulen er særst viktig i strategien for denne omstillinga.

Kva tydar «fleksibilitet»?

For borgarskapet tydar «fleksibilitet» m.a.s:

— At folk må rekne med å

skifte jobb fleire gonger i løpet av livet. Kapitalen har behov for ei fleksibel gruppe arbeidadar som er istand til å omstillast på ein rask måte ettersom endringane i produksjonen krev det (omskulering, etterutdanning osv.).

— Folk må også rekne med å flytte til stader i landet der det finnst arbeid eller lønnsam produksjon.

— «Fleksibilitet» tyder og, for borgarskapet, at arbeidarklassen skal vere villig til å gje slipp på normalarbeidsdagen, for å kunne jobbe til alle tidar på døgnet. Skiftarbeid og utvida opningstid/produksjonstid er lønnsamt for kapitalen.

Når vi ser på dei endringane som skjer i yrkesskulen i dag, er samtlege av desse rette inn mot å gjere arbeidsfolk meir «fleksible»

— Gjennom «einskapsskulen» ynskjer borgarskapet at yrkesfagleg studieretning skal gjerast meir lik allmenfagleg studieretning. Dette tyder at borgarskapet vil påtvinge oss ei meir allmen grunnopplæring som legg grunnlaget for omskulering og etterutdanning.

Massearbeidsløye

Vi ser for oss eit samfunn med massearbeidsløye. Også i politiske utredningar både nasjonalt og internasjonalt ser ein dette som sansynleg. For når det er slik at ein produserer for å tene pengar på det, og ein tener best ved å nytte minst mogleg menneskeleg arbeidskraft. Då vert sysselsetnad av folket eit poli-

tisk problem som ein må gjere noko i forhold til. Og det kostar pengar å gje folk arbeid, slik at dei kan halde liv i seg sjølve. Det kostar og pengar å ha skuler, sjukehus og sosiale gode for alle. Pengar som i det kapitalistiske samfunnet er ulønnsame investeringar, fordi ein ikkje tenar på dei.

Ein ny type arbeidskraft

Slik som vi kjenner arbeidslivet idag, inneheld det forskjellige yrke, det inneheld fagarbeidarar, og det inneheld fagforeningar som, idet minste på papiret, skal forsvare arbeidarklassa sine rettar. Folk er stolte over yrket sitt, og jo betre ein kan yrket, jo meir stolt over dette er ein. Då er ein og mindre villig til å byte yrke. Gjennom organisert kamp slåss folk for prisen på arbeidskrafta si, løningane. Vi slåss for dei faglege rettane og trygge arbeidsplassar.

Arbeidslivet er sjølv sagt klas-sedelt, med arbeidadarar, funksjonærar, byråkratar, direktørar osv. Arbeidarklassen har ikkje makt i dette arbeidslivet, men det som er arbeidarklassen sin styrke, er fagstoltheit og fagorganisering. Folk finn seg ikkje i å verte flytta rundt på i produksjonen, eller frå ein stad i landet til ein annan. Folk vil arbeide der dei bur, og dei vil utøva yrket sitt.

Arbeidslivet i framtida treng ikkje ein slik arbeidarklasse. Langt færre enn idag trengje å kunne mykje om få ting. Fleire trengje å kunne litt om alt. I dag


er det eit hinder for kapitalen at ein har ein arbeidastokk a forholde seg til dersom ein vil flytte produksjonen frå ein stad i landet til ein annan. Det er og eit problem at fagarbeidare, som er spesialistar på sin jobb, ikkje kan verte flytta rundt i bedrifta alt etter behov.

Utover 60 og 70 talet trong kapitalen meir høgt utdanna arbeidskraft. I dag treng han ikkje det lenger. Det han treng er ein arbeidastokk som er mobil og kan flyttast rundt etter behov. Ein arbeidastokk som har noko allmenutdanning, men som seinare kan lærast opp i bedriftane, og som må rekne med å skifte yrke fleire gongar i løpet av livet. Dette vert arbeidslivet sitt B-lag. Eit lite mindretal vil verte A-laget, og få høg utdanning og eit relativt sikkert yrkesliv. Dei vil utgjere dei hogare sjikta i arbeidarklassen/småborgarskapet.

Skulen sin rolle i omstillinga

Alt no byrjar skulen i stor grad å få karakter av å vera ein plass for oppbevaring. Stadig fleire elevar har vorte stappa inn i klassane, utan at undervisninga har vorte styrka.

Kompetansen på allmenfagleg vert svekka frå år til år, det gjer og kunnskapen folk får att for å gå der. På yrkesfagleg er fagutdanninga truga. Kvaliteten på undervisninga vert slettare og slettare, det same vert utstyret. Sams for begge skuleslaga er at folk får mindre og mindre att av å vere der. Difor



vel ofte næringslivet sjølv å utdanne folka dei treng.

Samstundes styrkar ideologi-formidlinga i skulen seg, og sorteringa og tilpassinga vert sterkare. Kunnskapsformidling trekkjast ut, og privatiserast meir og meir. Når kapitalen treng A, B og C-lag og omstillbar arbeidarkraft, må skulen hjelpe han med å få det. Skulen må sortere, og den må lære dei framtidige arbeidslause å vere arbeidslause utan å lage bråk. Den må oppbevare større delar av ungdomen. Alt dette må skulen gjere billigast mogleg, og det må gjerast så det skapast ein smidigare kapitalisme.

Vi ser at den konkrete, kompetansegejvande delen av undervisninga har vorte mindre viktig, til fordel for den forebuande og oppsedande funksjonen. Kapitalen vil i framtida ha behov for ei meir allmendanna arbeidarklasse, som kan endre kompetanse gjennom «livslang læring» og etterutdanning. Dette er ei mobil, og for kapitalen, lønsam arbeidskraft.

Skulen i det kapitalistiske samfunnet er ulønnsam investering. Som skulelev skaper du ikkje noko rask profitt.

Skulen i det kapitalistiske samfunnet

Utviklinga i produksjonen og klassekampen tvang fram institusjonen skule. Det nye produksjonsutstyret og dei nye produksjonsmetodane krevde ei arbeidskraft som kunne mestre nyvinningane. Samstundes vart det krevd, av det stadig meir utvikla kapitalistiske samfunnet, ei befolkning med høgt allment kunnskapsnivå.

Kampen for kunnskap for alle var og ein viktig del av arbeidarrørsla sin kamp, og dette var med på å tvinge fram den felles, allmene skulen.

Skulen sin tosidige rolle

Skulen er borgarskapet sin skule under kapitalismen. Borgarskapet sitt mål med skulen er å tilpasse elevane den eksisterande arbeid og klassedelinga i samfunnet. Denne tilpassninga kan vi dela i to hovedefunksjonar:

Skulen skal førebu elevane på å innta sin plass i produksjonen. For at produksjonen skal gå

meist mogleg knirkfritt og skape forteneeste for kapitalistane, må skulen gje elevane sann kunnskap dei treng for å fylle rolla som arbeidskraft. Dette er skulen sin kunnskapsformidlande side.

Men for borgarskapet er det ikkje nok at arbeidskrafta tilpassar seg teknisk til produksjonen, de må og sørge for at dei får ei lydige arbeidskraft som ikkje stiller krav og spørsmål ved klassekarakteren til systemet. Difor må skulen spre eit syn på systemet som tilslører klasseforholda, arbeidsdelinga og kvinneundertrykkinga. Den må tilpasse arbeidskrafta den disiplinen som gjeld i produksjonen og klassesamfunnet. Dette er skulen sin ideologi-formidlande side.

Borgerskapet sitt dilemma

Skulen sin kunnskapsformidlande side skapar problem for borgarskapet. Får arbeidarklassen høykje kunnskap i skulen om produksjonen?

denne kunnskapen nyttast til å avsløre klassesamfunnet, og nyttast i eit opprør mot borgarskapet. Om kunnskapsformidlinga vert avgrensa, vil dette forringe arbeidskrafta si evne til å skape profitt og fortjeneste til kapitalisten.

Det er og eit problem for borgarskapet at utdanning kostar pengar, men er ei ulønsam investering på kort sikt. Dette vert eit problem for staten. Det vil alltid vere fristande for dei å investere i meir lønsame sektorar, samstundes som kapitalen heile tida treng kvalifisert arbeidskraft. Investeringar i utdanning vil alltid følgje kapitalen sitt behov for arbeidskraft, det same gjeld innhaldet i utdanninga og forholdet mellom kunnskap og ideologiformidlinga i skulen.

Den allmene oppgåva til skulen under kapitalismen vil alltid vere å dyrke fram funksjonell arbeidskraft. Kva som er funksjonell arbeidskraft vil hovudsakleg avgjerast ut frå kva for eit nivå produktivkraftene er på, og at desse produktivkraftene er i hendene på borgarskapet.

Eit tredje dilemma for borgarskapet er at skulen sin ideologiformidlande side i mange tilfelle kjem i motsetnad til skulen sin kunnskapsformidlande side. Den borgerlege ideologien er tufta på løgner og halvsanningar, og kjem i motsetnad til sanninga om produksjon og samfunn som heile tida vil presseg fram. Eit døme på dette dilemma var då Kjell Magne Bondevik ville ha inn skapelsesberetninga frå Bibelen inn i

undervisninga i naturfag i grunnskulen. Behovet for at ein har eit vitskapleg forhold til ting står opp imot behovet borgarskapet har for å tilsløre ting.


Kunnskap og ideologi

Sjølv om vi kan dele skulen sin oppgåve i to hovudfunksjonar, så tyder ikkje det at det finst eit absolutt og klårt skille. Kunnskapsfaga inneheld og ideologiformidling, og ideologiformidling kan innehalde mykje konkret faktakunnskap isolert sett.

I samfunnsfag vil elevane kunne få mykje faktakunnskap om samfunnet som isolert sett er nyttige. Den samanhengen dei vert sett inn i tilslørar dei verkelege samanhengane, avdi målet er å produsere ei tenkning (ideologi) hjå elevane som tener maktthavarane.

Borgarskapet sin skule har og som oppgåve å hindre arbeidar-klassen i å få viktig kunnskap-kunnskap som kan gje arbeidar-klassen så mykje innsikt i samfunnet at dei vert ein trugsel for borgarskapet sin makt. Skulen er og med på å sikre at arbeidar-klassen og jentene ikkje reiser seg til opprør mot borgarskapet sin makt. Difor går kunnskapsformidlinga og undertrykkinga av arbeidarungane hand i hand i skulen.

Mykje av ideologiformidlinga i skulen foregår ved klasse og kjønnsundertrykkinga, som heng nøye saman med den klasse og kjønnsundertrykkinga som er i samfunnet idag. Bor-



Investering i utdanning vil alltid følge kapitalen sitt behov for arbeidskraft.

borgskapet har ei objektiv interesse i å undertrykke arbeiderklassen og jentene så mykje at dei ikkje ser på seg sjølve som ei kraft som kan endre samfunnet. Borgskapet har og ei objektiv interesse i å stogge arbeiderklassen og jentene i å nytte dei kunnskapar skulen gjev dei, i deira eiga interesse.

Kva er kunnskap?

Menneskja sin kunnskap kjem frå den sosiale praksis. Den kjem frå tre slag sosial praksis, - kampen for produksjonen, klassekampen og vitenskaplege eksperiment.

Det første steget i kunnskapsprosessen er dei konkrete handlingane, dei einskildte erfaringane og læringa av detaljane. Det neste steget er å samanfatte erfaringane og detaljane til teoriar. Teori er einskildkunnskap sett inn i ein samanhang.

Teoriane gjer at vi kan nytte

det vi lærte i ein situasjon i andre, liknande situasjoner.

At menneska kan lære av sine røyningar og setje dei inn i ein samanhang med kvarandre, er det som gjer at menneska kan handle målretta i verda.

Sann teori er kunnskap på eit høgare nivå.

Ei teori kan være sann eller usann. For å finne ut om teorien er sann, må vi prøve han ut i praksis. - Sjå om han stemmer med detaljane og dei konkrete hendingane.

Ei teori som ikkje har utgangspunkt i konkret faktakunnskap, og som ikkje kan nyttast i konkrete hendingar, er ikkje anna enn tomt tanke-spinn.

Kva lærer vi i skolen?

Eit viktig prinsipp for læring, er at det er mogleg å setja teorien ut i praksis, og utvikle teori frå

praksis. Slik får vi testa om teorien er sann.

Ikkje all kunnskap er mogleg å prøve ut i praksis. Men mykje teoretisk kunnskap kunne vore formidla gjennom å knytte han til praksis. At dette ofte ikkje skjer, rammer arbeidarklassen sine ungar, og då særskild jentene.

Skulen tar ikkje omsyn til den kunnskapen som elevane har når dei startar i skulen. Skulen prøver difor å fylle oss opp med kunnskap, vår oppgåve er passivt å ta imot lærdomen. Dette er ein dårleg måte å lære på. Elevane får i liten grad sjanse til å ta aktivt del i undervisninga, avdi den ikkje er knytta til elevane sin røynslebakgrunn. Særskild gjeld dette elevar med bakgrunn ifrå arbeidarklassen.

Difor vert det stor skilnad på kva elevane lærer i skulen. For skulen er borgarskapet og mannsamfunnet sin skule. Den byggjer på borgarskapet og mannsamfunnet sin kultur, språk og røynslebakgrunn. Difor lærer borgarungane, særleg gutane, mykje kunnskap i skulen. Skulen passar saman med deira egne kunnskaper - dei kan knytte han saman med det dei lærer utafor skulen.

Arbeidarklassen og jentene lærer og kunnskap i skulen. Men læringa vert hemma av at arbeidarklassa og jentene ikkje får nytte sitt eige språk og sine egne erfaringar i skulen. Skulebøkene i norsk tving elevane til å lære eit språk som er veldig fjernt frå arbeidarklassa sitt.

Arbeidarklassen og jentene

kjem til skulen med ein klasse og kjønnsbakgrunn, med kunnskapar som er ulik frå det skulen byggjer på. Skulen tek frå arbeidarklassen mykje av denne kunnskapen - undertrykkjar den. Borgarskapet har interesse av at arbeidarklassen ikkje ser på sin eigen kultur og historie som viktig - at arbeidarklassen ikkje ser på seg sjølve som ei klasse.

Å lære den kunnskapen skulen formidlar er eit privat ansvar, og dei som ikkje klarar å lære vert stempla som «dumme» eller «ressurssvake». At du ikkje lærer er di eiga skuld. Skulen lærer mange å forakte teoretisk kunnskap - avdi det å ikkje tilegne seg denne kunnskapen kjennst som eit personleg nederlag.

Samstundes er den offentlege kapitalistiske skulen eit framskritt for arbeidarklassen. Skulen er organisert, og undervisning er lik i alle klasser. I skulen er mykje viktig kunnskap samla - kunnskap som er viktig for arbeidarklassen og jentene. Borgarskapet er nødd til å gje jentene og arbeiarungane mykje kunnskap, slik at dei kan fungere i eit samfunn som stadig vert meir komplisert, slik at dei skal halde fram å produsere meirverdi. For arbeidarklassen er ein felles offentlig skule ein demokratisk rett dei har slosst for i alle år. Utan eit statleg ansvar for undervisninga ville arbeidarklassen og jentene stå mykje svakare i forhold til å lære dei faktiske kunnskapane som skulen formidlar.

Klasseundertrykking i skulen

I skulen, som i resten av samfunnet, må arbeidarklassen disiplineras, slik at den vil godta sin plass i produksjonen og å verte styrt. Disiplinen i skulen gjenspeglar den disiplinen som borgarskapet ynskjer seg på arbeidsplassane, og kjem til uttrykk ved at elevane vert straffa om dei ikkje gjer det skulen og systemet bestemmer og vil. Elevane skal og lærast opp til eit samfunn som er basert på individualisme og konkurranse. Samarbeid som vil kunne tjene arbeidarklassen sine ungar, vert sett på som fusk. Kvar enkelt vert sin eiga lukkesmed.

Borgarskapet ynskjer seg ein arbeidarklasse som er med dei, - som ikkje gjer opprør. For å halde på makta må dei prente inn i folk eit syn på samfunnet vårt som ein velferdsstat, det einaste fornuftige, mest demokratiske i verda, osv.

Den sosialdemokratiske tilsløringsideologien er den beste måten å gjere dette på. Ein tilslørar at det finnst ulike klassar, med ulike interesser i dette landet. Skulen er lik for alle, og det er moeleg for alle å «verte noko».

Mykje av undertrykkinga av arbeidarklassen i skulen dreier seg om å framandgjere arbeidarklassen i forhold til kunnskapen. Skulen er skild frå produksjon, styring og omsorg. Arbeidarklassen får ikkje lære kunnskapen i tilknytting til eigne røynsler, og får ikkje prøve han ut i praksis. Dei klarar difor

ikkje å lære all kunnskapen skulen formidlar. Ein lærer å setje opp matematiske formlar utan å skjøne kva dei tyder. Dei gjev ofte læraren dei svara han ventar, utan å skjøne kva dei svarar på.

Men arbeidarklassen sit ikkje passivt og vert undertrykt i skulen. Når arbeidarklassen mister lysta til å lære fordi dei ikkje får eit forhold til kunnskapen, gjer dei stadig opprør. Bråk og uro i klassen er ei form opprøret tek. Men opprøret har og ei anna form, nemleg at elevane krev å få nytte deira røynsler i skulen, krev å få verkeleg lære og å forstå dei kunnskapane som finst i skulen.

I dag står arbeidaropprøret i skulen svakt. For Raud Ungdom er det viktig å gå i skulen og for arbeidarungane i skulen og knytte det til å verta ein kamp for kunnskap. Det er viktig å knytte dette opprøret saman med klassekampen elles i samfunnet.

Jenteundertrykkinga i skulen

Kapitalismen er eit samfunn bygd på undertrykking av kvinnfolk. Dette pregar og skulen. Undertrykkinga av hokjønet i skulen er ein viktig del av det å skape ei arbeidskraft som dekkjer kapitalen sine behov. — Kjønnundertrykkinga i skulen er med på å klargjere jentene for rolla som dobbeltarbeidande omsorgsarbeidarar.

Jenter vert usynleggjort i skulen. Granskingar syner at det vert stilt ulike krav til jenter og

gutar i skulen, at jenter vert overdradd og får mindre undervisning og respons i skulen. Jenter vert behandla som omsorgspersonar i skulen og, vi får ansvaret for å følgje opp og støtte gutane - istaden for å sloss for oss sjølve.

Undervisninga går føre seg på gutane sine premisser, det er deira historie og kultur som vert nytta i undervisninga, jentene sine røynslebakgrunnar vert skvisa til fordel for dette.

Jenteundertrykkinga i skulen og samfunnet fører til at jentene seinare «vel» det samfunnet og skulen har lært dei er mest passende for dei. Dei vel seg bort frå dei «harde» faga og yrka

som gjev dei ei lønn til å leve av. Dei vel å vere ubetalde omsorgsarbeidarar, i tillegg til lønnsarbeidet sitt. Og dei faga og dei yrka jentene «vel» vert systematisk nedvurdert og usynleggjort av samfunnet.

Samstundes er jentene si rolle som omsorgspersonar, jentene sin jentekunnskap, jentene sin styrke. For jenter veit mykje om folk, kan setje seg inn i andre sine tankar og reaksjonar. Jenter ser det dei gjer i ein social samanheng, er i stand til å sjå konsekvensane av det dei gjer i mykje større grad enn gutane.

Når vi skal reise jentekampen i skulen må vi ta utgangspunkt i

Undervisninga går føre seg på gutane sine premisser, det er deira historie og kultur som vert nytta i undervisninga. Jentene sine røynsler vert skvisa til fordel for dette.



dei samfunnsmessige forholda som ligg utanfor skuleinstitusjonen, og som legg grunnlaget for og gjenspeglar seg i jenteundertrykkinga i skulen.

Jenteundertrykkinga tek særreigne former i skulen, men den kampen som må reisas i skulen er ein del av den same kampen som må førast i resten av samfunnet.

Læraren- ein alliert?

For elevane ser ofte læraren ut til å være hovudfienden, den som har skulda for undertrykkinga. Men læreren er sjøl undertrykt. Læreryrket er idag eit dårleg betalt kvinneyrke, eit slitsamt, hardt og krevande yrke. Lærarane sin faglege kamp, mot den statlege undertrykkinga legg eit av grunnlaga for å utvikle ein allianse mellom lærarar og elevar.

Lærarane prøver å formidle kunnskap til elevane. Den borgerlege skulen gjer dette til ei vanskleg oppgåve. Lærarane og elevane har felles interesser av å reise kamp, mot undertrykkinga i skulen. Elevane må vere hovudkrafta i dette opprøret - i kampen for kunnskap på arbeiderklassen og jentene sine premiss. Lærarane kan vert ein alliert i denne kampen.

Sosialdemokratiet sitt svar

- ein skule uten kunnskap

Den gamle puggeskulen undertrykte elevane. Kunnskapsformidlinga var tvang; alle skulle lære om byar i Belgia. Sosialde-

mokratane ville endre på dette, men det den sosialdemokratiske skulen gjorde var å fjerne mykje grunnleggjande faktakunnskap. Særleg i forhold til samfunnsfaga (historie/samfunnskunnskap).

Dette framangjorde arbeiderklassen enno meir. Det gjorde at det heile vart eit spørsmål om haldningar til verda, ikkje kunnskap om verda. «Lære og lære» vart sosialdemokratiet sitt mål med skulen; elevane skulle ikkje lære kunnskap, med metodar og «haldningar». Mykje arbeid vart lagt i å finne nye pedagogiske metodar. Lærarane skulle verte profesjonelle formidlarar. Kva dei formidla vart ikkje det viktige. Skule skulle bli ein triveleg stad å vere for arbeiderungane, arbeiderklassen skulle halde seg i ro i ein innholdslaus skule.

Gjer opprør - krev kunnskap

Kampen i skulen i dag står fyrst og fremst om kampen for den objektive kunnskapen som folk har bruk for. Lesing, skriving, framandspråk, geografi osv. er elementærkunnskapar som alle har krav på. Opp mot desse faga står eit aukande press frå «verdifaga». Det er dei faga som ikkje formidler kunnskap, men ideologi.

For arbeiderklassen og jentene er den viktigaste kampen i skulen, kampen for kunnskap. Denne kampen heng nøye saman med kampen mot klasse og kvinneundertrykking i skulen, og i resten av samfunnet.

Til kamp for kunnskap

Dei fyrste skulane oppretta herskarklassen for sine egne guteborn, for å kunne overføre kunnskap og den rådande ideologi på ein systematisk og effektiv måte. Underklassen sine ungar, som skulle skulle verte nye produsentar, fekk overført kunnskapen direkt, gjennom å delta i produksjonen. Heilt fram til midten av førre århundre var skulen i praksis berre for overklassen i landet vårt.

Utviklinga av produksjonen, den aukande spesialiseringa og framandgjeringa la grunnlaget for den allmenne skulen. Læringa kunne ikkje lenger foregå direkte i produksjonen, staten måtte ta seg av ein del av kunnskapsoverføringa som var naudsynt for å halde oppe og vidareutvikle produksjonen.

Dei første skulane for underklassen var reine religionsskular, som hadde som hovudoppgåve å indoktrinere underklassen til å godta sin plass i samfunnet. Skulen skulle og gje ungane dei kunnskapane som var naudsynte for å produsere,

og som ikkje kunne lærast berre ved å delta i produksjonen.

Utviklinga av einingsskulen

På slutte av førre århundre vart grunnlaget for utviklinga av einingsskulen lagt. Den industrielle revolusjonen i Norge gjorde at borgarskapet krevde ei arbeidskraft med høgare kunnskapsnivå. Samstundes krevde bonderørsla og arbeidekvinnerørsla utdanning på lik linje med borgerskapet, og kvinnerørsla krevde utdanning på lik linje med menn. Kampen retta seg fyrste og fremst mot den formelle retten til utdanning, sjølv om det m.a. vart stilt spørsmål til kristendomen sin plass i skulen.

I åra framover føregjekk det ein hard kamp i arbeiderrørsla og dei sosialdemokratiske partia om dei skulle stå på ein reformistisk eller ein revolusjonær politikk. Skulle arbeideklassen vinne samfunnsmakta gjennom å ta over den borgerlege staten og dei institusjonane som høyrte til. Eller måtte arbeideklassen sjølv gjere revolu-



Kapitalismen er eit samfunn som er bygd på undertrykking av kvinnfolk. Dette pregar og skulen.

sjon og knuse staten for sjøl å gjere seg til styrande.

Det vart den reformistiske tankegangen som vant fleirtall i arbeiderklassen. Arbeiderpartiet og sosialdemokratiet sin reformistiske politikk vart den rådande, og i forhold til skulen. Arbeiderpartiet sitt framste skulepolitiske mål var einskapsskulen. Einskapsskulen skulle vere ein «skule for alle», som virka sosialt utjamnande og bygde ned klasseskilla i samfunnet. Og då 9-årig felles grunnskule vart innført i 1959, sa statsministeren frå DNA, Einar Gerhardsen: «Denne reformen betyr at det klasseskillet som vi hittil har

hatt i vårt samfunn skal brytes ned».

Einskapsskulen har i form endra seg opp gjennom historia, frå då 7-årig folkeskule vart innført i 1920, til ml.a vedtaket om 9-årig grunnskulen i 1959, og fram til dei reformane som vi i dag har i den vidaregåande skulen, kor det er ei uttrykt målsetting å viske ut skilla mellom allmen- og yrkesutdanning. Man heile tida har sosialdemokratiet hatt ein ideologisk grunngeving om å føre ungar frå alle sosiale lag saman i ein skule, og gjennom denne skulen fjerne den sosial ulikskapen og klasseskilla.

Tanken bak einskapsskulen har difor lagt eit effektivt ideologisk tåketeppe rundt det som i røynda skjer i skulen. Skulen er med på gjenskapen dei eksisterande klasseforholda, og holde arbeiderklassen vekke frå makta. I dag er Arbeiderpartiet borgarskapet sitt viktigaste parti, og leiinga i DNA er sjøl ein sentral del av borgarskapet. DNA si historiske oppgåve er å administrere kapitalismen gjennom kriser og klassekamp, og halde folk vekke frå å gjere opprør og revolusjon. Einskapsskulen sin funksjon har i større grad opna for den sosiale mobiliteten, det vil seie å gjere det mogeleg for arbeiderklassen sine «skuleflinke» og intellektuelle å komme nærare eller å verte ein del av borgarskapet.

Raud Ungdom sin mest grunnleggjande kritikk av einskapsskulen er difor at den syner korleis ein reformistisk

strategi ikkje kan føre arbeiderklassen til makt i samfunnet, men tvert imot å ansvarleggjere arbeiderklassen mot nederlag.

I dag står skulen i Norge føre store endringar. Raud Ungdom vil reise kampen med utgangspunkt i kampen for kunnskap.

Omstillinga av skulen

Skulen skal verte omstilt til det som er kapitalismen sine behov i dag og i framtida. Denne omstillinga må sjåast i samanheng med kva som er skulen sine grunnleggjande oppgåver i eit kapitalistisk samfunn.

Utviklinga av produktivkraftene og ny teknologi fører til omfattande endringar i produksjonen. Store delar av den gamle, tradisjonelle industrien vert lagt ned. I aukande grad vert arbeid som tidlegare vart gjort heilt eller delvis manuelt tatt over av moderne teknologi. Dette fører til nye kvalifikasjonskrav til arbeidskrafta, både i retning av krav til større spesialisering, og i retning av auka evne til fleksibilitet. Den tradisjonelle arbeidarklassen vert angrepen frå mange kantar.

Arbeidskrafta vil i framtida måtte vert delt i eit A, eit B og eit C-lag.

Her er A-laget den faglege ekspertisen som i større grad er sikra fast jobb, som kapitalistane vil prøve å knytte tett til seg gjennom ulike lojalitetsbånd, og som vil bli tillagt ein del leiarfunksjonar.

B-laget representerar den ufaglærte arbeidskrafta, som er

flyttbar, og som kan rekne med å bli trekt ut og inn av produksjonen etter svingningane i økonomien.

C-laget er dei «overflødige», - dei som vil måtte rekne med å gå utan arbeid mesteparten av livet sitt. I følge utregningar gjort av OECD vil så mange som 25 prosent av dei som utgjer den potensielle arbeidsstyrken i Vest-Europa gå permanent uten arbeid innan år 2000.

I røynda vil grensene gå meir over i kvarandre enn vi har skrive her. Men hovudsida er at vi no ser ei utvikling mot ein framtidig arbeidarklasse som er mykje meir einsarta enn den har vore, og som lettare kan verte splitta opp av borgarskapet til å kjempe seg i mellom.

Delinga av arbeideklassen i eit A, eit B og eit C-lag vil for skulen måtte bety ei forsterking av den sosiale utsilinga. Arbeidarklassen vil i sterkare grad få merke at dei er underklasse.

Kapitalen vil senke kostnadane til utdanning

Parallelt med store endringar i skulen, ser vi at den meir og meir vert eit offer for dei økonomiske nedskjæringane. Dei viktigaste angrepa ser vi innanfor desse områdene:

- Nedskjæringar på bevilgningane til skulen.
- Lågare løningar til lærarane.
- Eigenandelar som elevane må betale for å gå på skulen, som papirpengar, matrialpenngar og reisepengar.
- Usosial studiefinansiering, samstundes som «inntektsav-

hengig tilbakebetaling» vert forsøkt innført.

— Nytt inntektssystem for fylke og kommunar, og innføring av frikommunar. Dette utholar det statlege ansvaret for utdanninga.

— Privatisering:

- Innafor høgare utdanning vert dette forsterka ved at utdanning og forskning vert styrt av og lagt opp etter næringslivet sine eigen interesse, ikkje etter kva samfunnet som heilheit er tent med.

- Utviklinga av «elitegymnas», som IB-linja, opner for at dei som har råd kan kjøpe seg ei høgkvalifisert vidaregåande utdanning.

Desse angrepa på utdanninga kjem samstundig med ein offansiv frå borgarskapet for å omstille heile kapitalismen for å sikre profitten. Sentralt i denne omstillinga er mellom anna:

— Nedleggjing av store deler av den tradisjonelle industrien.

— Flytting av kapital til «vekstsektorar».

— Angrep på distrikts-Noreg, m.l.a gjennom omstillinga av ein-sidede industristadar, økonomisk utarming av småbønder og nytt inntektssystem for fylke og kommunar.

— Auka internasjonalisering av norsk næringsliv gjennom kapitaleksport og etablering i utlandet.

— Utholing av normalarbeidsdagen, under ei ideologisk fane om «eit openare samfunn» og «fleksibilitet».

Årsaka til at dette skjer er at borgarskapet treng kapital for å

gjennomføre omstillinga. Pengar vert tatt frå uprofitabel sektorar som skulen tilsynelatande er, og vert brukt der dei kan gje større fortjeneste. Dei forsøkja som går på å senke kostnadane i skulen må sjåast i samanheng med dette. Skulen er ein sektor som ikkje gjev umiddelbar profitt.

«Auka valfridom»

Den såkalla «Veierødmodellen», som byggjer på ei innstilling frå Veierødutvalet, tegner opp den framtidige modellen for den vidaregåande skulen som skal sikre utsilinga i A, B, og C-laget.

Veierødmodellen står for å bryte ned dei tradisjonelle linjeskilla på allmenfag, og på sikt slå allmen- og yrkesfag saman. Veierødutvalet sitt uttalte mål, er ein vidaregåande skulen, kor elevane kan velje på kryss og tvers mellom dei tradisjonelle yrkes- og allmenfaga.

Dette vert framstilt som ein skule med større val for kvar einiskild, slik at ein kan få ei utdanning i pakt med egne interesser, samstundes som vi lever i ei tid kor herskarane har interesse av å spre ein ideologi som progaganderar med at «du er din eigen lykkes smed».

I røynda er det ein skulemodell som gjer det til eit privat ansvar om du vel dei riktige kombinasjonane som gjev deg kompetanse og status. I røynda vil dette ramme arbeiderklassen og jentene.

Den «auka fridommen» er eigentleg ein modell og ein ideolo-

gi for å forsterke den sosiale utsilinga i forhold til kva som er kapitalen sine krav og behov for utdanna arbeidskraft. Veierømodellen vil gjere det til den enkelte elev sitt val og ansvar å velje «rett». Om du vel «feil», er det din eiga skuld.

Veierømodellen vil betre enn den yrkesfaglege og allmenfaglege delte vidaregåande skulen, med deira uttalte målsettjingar om å utdanne for yrke eller vidare studiar, sotere ut til A, B, og C-laget. Dei framtidige heilt eller delvise arbeidslause, og dei som skal verte flyttbar arbeidskraft, skal lettare akseptere sin posisjon gjennom at dei sjølve skal verte gjordt ansvarlege for «feile» val. På denne måten skal dei og verte halde vekke frå å gjere opprør. Den framtidige skulen vert viktig for å dempe «sosial uro» i samfunnet.

I den vidaregåande skulen i framtida, vil ungar frå arbeider-


klassen og jentene tape. Det er dei som vert remma hardest av ei forsterka sosile utsiling, og av nedskjæringar og dårleg økonomiske vilkår.

Nedskjæringspolitikken fører i tillegg til auka sentralisering av utbygde skuletilbud. Det nye inntektssystemet for fylke og kommunar utholar det statlege ansvaret for fylkes- og kommuneøkonomien i det heile tatt, men slår mest negativt ut for dei fylkene og kommunarane som i utgangspunktet har dårlegast råd. Dette gjelder ofte utkants-
trok.

Sosialdemokratiet sin ideologi

Omstillinga av kapitalisen og omstillinga av skulen kan ikkje sjåast issolert frå den dominerande sosialdemokratiske ideologien i samfunnet. Arbeiderpartiet og sosialdemokratiet sin politikk for skulen har av dei vorte framstilt som ein politikk

*Kva er utviklinga i skulen?
Korleis ser framtida ut?*



for auka sosial utgjeving. Den ideologiske innpakninga rundt Veierødmodellen er då og i tråd med sosialdemokratiet sin einskapsskuletankegong: Gjennom å viske ut skilla mellom allmenfag og yrkesfag skal arbeidsdelinga mellom ånd- og kroppsarbeid byggjast ned.

Men avdi skulen og har som oppgåve å vere med på å gjenskape dei rådande makt og klasseforhalda i samfunnet, vert dette ein tankegong som tilslører kva som skjer i røynda. Den tilslørande sosialdemokratiske ideologien er samstundes ein meir effektiv måte å halde arbeideklassen nede på. Ein verkeleg kamp mot omstillinga av skulen må difor og byggje på eit brudd med og kampen mot ideologien til sosialdemokratiet. I spiss i denne linja må vi setje kamplinja opp mot samarbeidslinja til sosialdemokratiet.

Vi kan sjå for oss to moglege konsekvensar for skulen. Den eine er ein einskapsskule som vil fungere som ein skule for oppseiding for alle. Kor det faglege innhaldet er prega av ideologiformidling og eit virvar av valfag. Med fagplaner som går ut på å lære elevane til å verte samfunnsborgara, uansett korleis framtida vil komme til å sjå ut.

Men borgarskapet er ikkje ei einskapt gruppe. Sjølv om sosialdemokratiet kunne tenkje seg å bruke ein god del pengar på å halde folk i ro, ser det ikkje like lurt ut for alle når det er krise i økonomien.

Det er derfor mogleg at vi

får ei tilbakerulling av utdanningsbølga. Konsekvensen kan verte inntaksstopp og opptaksprøver til vidaregåande skular. Mange færre skuleplassar som det vil koste mykje meir for folk å bruke.

Vi ser at dette skjer i land som Frankrike og Spania, kor inntaksreglane har vorte skjerpa. Belgia har ei blanding av desse to forholda, avdi det er naudsynt å halde folk nede i obligatorisk skulegong til dei er 18 år på grunn av arbeidsløysa. Samstundes vert det nytta minimalt med pengar på den vidaregåande skulen. Dei tre ulike skulestaga/nivåa innanfor den vidaregåande skulen er ein helt klår utsiling kor delar av skuleverket er ein oppbevaring, og kor folk vert utplassert i arbeidslivet som gratis arbeidskraft i staden for å få kunnskap.

I Norge kan vi sjå tendensar til ei tilbakerulling, i og med at utdanningsfinansieringa stadig vert dårlegare.

Gjer opprør - krev kunnskap

For arbeideklassen er den viktigaste kampen i skulen kampen for kunnskap. Arbeideklassen og jentene må reise kampen for mest mogleg sann kunnskap om røynda - reise kampen for faktakunnskap og detaljkunnskap. Arbeideklassen må reise kampen mot omstilling av skulen, som trugar kunnskapsformidlinga.

Men opprøret må og rette seg mot undertrykkinga i skulen. Vi krevje å få lære kunnskapen på

eigne premissar, vi krev at skulen skal ta utgangspunkt i arbeideklassen og jentene sitt språk, kultur og røynsler. Vi krev at elevane skal ha makt i skulen, at dei skal få utvikle samhald og solidaritet og at dei skal få utvikle kunnskap i samarbeid.

Det vil ikkje vere mogeleg å vinne dette opprøret under kapitalismen. Med opprøret er like viktig for det. Det vil vere mogeleg å vinne småsigar, det vil vere mogeleg å lære meir. Og ikkje minst - lære om klassestaten.

Frå undertrykking til kollektiv kamp

Målet med skulen er at den skal gi oss mest mogeleg kunnskap.

I dag er det for kvar enkelt av oss ein einsam kamp for å lære mest mogeleg i skulen. Når vi ikkje lukkast er det vår eigen feil og ikkje skulen det er noko gale med. Ved å reise kampen mot undertrykkinga får det store fleirtallet, det vil seie jentene og ungane frå arbeidarklassen eit felles grunnlag for kampen. Det er ikkje oss sjølve det er noko gale med når det ikkje går så bra i skulen, men eit system der skulen har som oppgåve å lære oss ulike kunnskarar.

Under kapitalismen kan vi aldri få bort det at dei fleste av oss vert taparar i konkurransen om å vert blant dei som er dei mest skuleflinke.

Spontan opp mot dette gjer mange sitt eige private opprør. Opprøret har sitt utgangspunkt i eit eige ynskje om å få lære kunnskap på eigne premissar.



Vi som elevar har ingen rett, det er heller ikkje mogeleg å bestemme innhaldet i undervisninga eller å planleggje opplegget for timane. Vår innflyting er ikkje reell, men dreier seg om meiningsutveksling og synsing.

Vi krev difor elevane sin makt i skulen. Den viktigaste ressursen skulen har er oss elevar. I dei erfaringane og i dei kunnskapane vi har kvar for oss, og som vi har saman er det enormt mykje som er mogeleg.

Gjennom å krevje samarbeid får vi sjølv lagt premissane for større delar av undervisninga, samstundes som vi lærer av kvarandre.

Vi reiser kampen for å få kunnskaper i skulen på våre premissar. Vi krev at dei tinga vi er

Ei viktig forutsetning for å tileigne seg kunnskaper at ein kan språket, og kan følgje med i undervisninga.

opptekne i frítida skal vere viktige for skulekvardagen vår. Vi godtar ikkje at det vi synest er viktig skal verte uviktig til fordel for kva andre har funne på.

Skulen har også det formålet at den skal vere med på å sile ut kven som skal herske og kven som det skal verte herska over. Ein av desse metodane er karakterar. Raud Ungdom meiner ikkje at karakterane er årsaka til at det vert tapere og vinnere i skulen. Det er og tapere og vinnere i barneskulen sjølv om det ikkje er karakterar der. Om karakterane ikkje er der vil utsilinga ta andre former.

Men karakterane har mange «bivirkningar». Gjennom karakterane syner skulen ett av sine verste ansikt. Det er gjennom kva karakter du får, at mange av elevane sitt syn på seg sjølv vert forma. Karakterane gjev dei fleste i skulen ein negativ respons på seg sjølv. Det er ikkje utan grunn at motkulturen i skulen ofte meiner at det er «kult» å få Ng. Dette er ein overlevningsmekanisme som kan redde mange sitt syn på seg sjølv. For i følgje skulen er desse folka mindre verdt enn andre.

Karakterane får elevane til å halde kjeft om løgner og tilsløringar i læreboka. Å lære pensum vert viktigare enn å finne fram til sanninga.

Raud Ungdom er imot utsiling. Difor meiner vi det er naudsynt at kunnskapsmålinga også i røynda og ikkje på papiret er målrelatert. At karakterane som vert satt vert gjeve ut frå ei mengde kunnskapar det er øns-

keleg at eleven tileigner seg og ikkje ut frå kor god du er i forhold til andre. Vi er imot at den beste eleven i klassen får Sg og den dårlegaste Lg. Ei slik måling av karakterane seier endå mindre om kva det er elevane kan. På den måten slepp elevane å konkurrere seg imellom om kven som er best i klassen.

Framandspråklege elevar

Den sosialdemokratiske staten må ha noko å skulde på når den kapitalistiske økonomien går nedover og folk må betale krise. I nedgangstider spres ideologien om at innvandrarar frå den 3. verda er skulda i de økonomiske krisene. Det vert snakka om invasjon og kulturkollisjonar for å framandgjere innvandrarane, slik at den rasistiske ideologien kan virke hjå folk.

I oppgangstider, når ein treng arbeidskraft, er vi alle like mykje verdt, og «framande» kulturer har mykje å gje oss.

Den sosialdemokratiske staten kan, gjennom denne ideologiformidlinga, sparke framandarbeidara når kapitalistane ikkje treng ho lenger. Rasismen vert då eit middel til å kaste folk på dør.

Skulen

Skulen sin viktigaste funksjon er kunnskapsformidlande, men samstundes fungerer skulen og som ideologiformidlar.

Den rasistiske ideologien spres og i skulen, som i resten av samfunnet.

Avdi skulen ikkje gjev direk-

te profitt og avdi innvandarane frå staten si side, vert sett på som ei byrde for samfunnet, vert det gjeve minimalt med ressursar til undervisning på deira premisser.

Forutsetninga for å tileigne seg ny kunnskap i skulen er at ein kan språket og kan følgje med i undervisninga. Samstundes må undervisninga skje ut frå eleven sin røynslebakgrunn. For framandspråklege elevar er dette i endå mindre grad mogeleg enn det er for arbeidarklassen og jentene.

Forutsetninga for å lære eit nytt språk, er at ein kan morsmålet godt. Morsmålsundervisninga i skulen i dag er minimal, samstundes som norskundervisninga er dårleg. Dette skjer til tross for at ny teknologi og at lærarressurene finnst. Det er dei økonomiske bevilgningane som manglar.

Konsekvensane er at framandspråklege elevar har lita forutsetning for å tileigne seg fagkunnskapar som gjer folk til fagarbeidara. Innvandarar vert forsatt billig ufaglærte tjenara som vaskar møkka etter den «kvite herre».

Til kamp for kunnskap

Den viktigaste kampen for framandspråklege elevar er kampen for retten til å kunne tileigne seg kunnskap og retten til å tileigne seg kunnskap som bygger vidare på deira røynsler.

Retten til kunnskap er og økonomisk betinga. Raud Ungdom krev at framandspråklege

elevar og studentar ikkje skal verte behandla annensrangs i studiefinansieringsordninga. Raud Ungdom krev at tryggleiksgebyret innvandrara må ha «for ikkje å vere til økonomisk byrde» for den norske staten, vert fjerna.

Denne kampen må først gjennom elevorganisasjonane, elevråd og gjennom grupper på skolane.

Elevar, lærlingar og studentar sin økonomi

I dag er elevar, lærlingar og studentar pressa hardt økonomisk. I framtida vil angrepa på folk sin private økonomi verte hardare. Utdanninga vert i større og større grad gjort til eit privat ansvar, og det er ein naturleg konsekvens at finansieringa av den privatiserast. Omstillinga innanfor kapitalismen er hovudgrunnen til at denne privatiseringa er aukande. Nedlegging og flytting av kurs fører igjen til auka utgifter for folk.

Konsekvensane av desse nedskjæringane er i praksis at folk vert hindra i å ta visse typar utdanning, eller sluttar underveis avdi utdanninga kostar formykje. Mange er tvunge til å arbeide ved sida av skulegongen for å finanserer den. Dette gjer det vanskelegare å konsentrere seg om skulearbeidet og ml. a det å drive organisasjonsarbeid. Økonomiske problem er eit av dei største hindrane folk har for å starte og fullføre ei utdanning i dag.

Statens Lånekasse for utdanning, skulle i prinsippet



På tross av at det er lovforbud mot skulepengar, betaler folk meir og meir av si eiga lommebok for å følgje det fagplanen krev.

sørge for at det skal vere mogeleg for alle å ta seg ei utdanning uansett kjønn, sosial eller geografisk tilhøyre. Frå at denne lånekassa vart oppretta og fram til i dag, har prinsippet om lik rett til utdanning vorte meir og meir uthola.

Tilbakebetalingstida på lån har vorte kortare, renta har auka til langt over inflasjonsnivået (12,5 % inkl. rentene sine renter i 1987) og kostnadsnormene har vorte senka drastisk i forhold til folk sine reelle behov.

Styresmaktene vil no gå inn for å innføre ordninga med inntektsavhengig tilbakebetaling, som i praksis betyr ein rein omfordeling av midlane uten at rammene vert auka.

Innføring av inntektsavhengig tilbakebetaling er eit logisk ledd i å gjere utdanninga til eit privat ansvar samstundig som svake grupper alt vert satt opp i mot kvarandre.

På tross av at det er lovforbud mot å ta skulepengar av elevane i dag, betaler folk meir og meir for å få følgje fagplaner i dei ulike kursa. Dei siste åra har ogden obligatoriske skulen vorte ramma av dette. Tidligere var skulepengar ein viss sum elevane måtte betale for å komme inn i skulen, og det var ein viktig siger å få eit lovforbode mot denne avgifta.

I dag vert skulepengane kalla for «matrikulutgifter», «kostpengar», «utstyrspengar», «skuleskyss» osv. Prisen elevane må betale for varen utdanning varierer svært frå kurs til kurs, og vi kan grovt sett seie at dei tradisjonelle jentelinjene er langt dyrare enn gutelinjene, og at elevar i distrikts-Noreg må betale meir for vara utdanning enn elevar i tettstadane og i byane.

Det nye inntektssystemet har legalisert at staten ikkje lenger

tår ansvar for at alle skal ha tilrett til utdanning. Flykta vert elevane dermed satt opp mot andre svake grupper, av di midlane til utdanning, helse osv. ikkje lenger er øymerka.

Nivået på kampen for auka rammer og mot omfordeling vil vere heilt avgjerande i forhold til borgarskapet sin storstilte privatisering av tidlegare offentlege ansvar.

Raud Ungdom krev gratis utdanning for alle. Dette står i klar motstrid til borgarskapet sin strategi for å privatisere utdanninga.

Raud Ungdom krev auka bevilgningar til Lånekassa, og vil vil sloss for delmåla:

- Renta under inflasjonsnivået
- Høgare stipendandel
- Lengre tilbakebetalingstid

Dette er delmål i kampen for full stipendfinansiering og gratis utdanning for alle.

Raud Ungdom krev at dei statlege overføringane til fylka skal øymerkast og stå i samsvare med folk sine reelle behov. Dette betyr ml.a at staten må ta ansvaret for å betale alle utgifter til skuleskyss, matriell, kost, hyblar osv.

Språkleg frigjering

Norsk språk i skrift (nynorsk) og tale (dialektar) vert undertrykt i Noreg og i skulen særskilt.

I motsetnad til det opphavleg danske bokmålet som har vorte halde oppe i skrift og tale av borgarskapet, har nynorsken alltid bygd på dialektane - tale-nså et til fleire av år - og

flåsen og det arbeidande

folket. Raud Ungdom støt kampen for det nynorske målet, og meinar at nynorsk bør verte einaste riksmålet i landet. Dette tyder at nynorske mål må verte tatt i bruk som hovudspråk av alle som har norsk som morsmål.

Raud Ungdom ser dette som ein strid for bygging av sjølkjensla (identiteten) til det norske folket, og oppmoder elevane til å halde på eller skifta til nynorsk som hovudmål.

Samane sin kamp

Samane har i århunder vorte nasjonalt undertrykt i Noreg. Dei har ikkje eit land dei sjøve bestemmer over. Dei har heller ikkje ein kultur og ein tradisjon som får leve i fred, men som vert undertrykt av den norsk suvereniteten.

I den samiske skolen skal samane lære norske, frå norske lærebøker, og av norske lærara som ofte ikkje kjenner samane sin historie, tradisjon og språk.

Raud Ungdom krev derfor samane sin rett til undervisning på sitt eige morsmål, og i sitt eige morsmål.

Vi krver samiske lærebøker til sama tid og til same pris som andre lærebøker.

Sosialismen

Raud Ungdom sitt mål er at folk tar makta gjennom ein sosialistisk revolusjon, og utvikler sosialismen til eit kommunistisk samfunn utan klassar og klasseundertrykking.

Utbygginga av arbeidarklassen vil fyrst opphøyre når arbeidarklassen tar makta i samfunnet, og innfører sosialisme. Dette kan berre skje gjennom ein sosialistisk revolusjon, som knuser heile det gamle kapitalistiske samfunnsystemet.

Under sosialismen vil produksjonen vert styrt ut frå fleirtalet sitt behov, og ikkje for å oppnå maksimal profitt.

Staten oppsto for å sikre dei økonomiske og politiske interessene til den herskande klassen.

Statsmakta til arbeiderklassen, proletariatet sitt diktatur, vil i likskap med alle tidligare statsformer vere eit undertrykkingsapparat. Den vil fungere

som eit klassekampreidskap i hendene på arbeidarklassen. Staten skal sikre at produksjonsmidlane fortsatt vert under arbeidarklassen sin kontroll. Men under sosialismen vil staten vere fleirtalet sitt maktapparat, ikkje mindretalet sitt som under kapitalismen.

Men arbeidarklassen gjer seg ikkje med dette til virkelege styrande sjølv. Han vil fortsatt vere avhengig av å styre gjennom sine representantar og eit byråkrati som styrer på vegne av arbeidarklassen.

Dei historiske erfaringane med sosialismen fram til i dag, gjer det naudsynt for ein revolusjonær rørsle å setje seg som mål å utvikle ein betre strategi for korleis folket skal ta makta direkte, og sosialismen skal utvikle seg mot kommunisme. Dette er eit langvarig arbeid, som krev at vi ser på historia og tradisjonane til den kommunistiske rørsle på ein kritisk måte. Raud

Ungdom ser det som naudsynt at vi lar meiningsbrytningar og det dristige i tenkinga sleppe fram for å få dette til.

Kunnskapsformidlinga under sosialismen

Under sosialismen har arbeidarklassen tatt makta over kunnskapsformidlinga i samfunnet. Dette gjer det mogeleg for vanlege folk å tileigne seg kunnskapar om viktige sider ved produksjonen, samfunnet, vitenskapen osv.

Sosialismen vil og opne for enorme forbedningar av ressurs-situasjonen basert på samfunnet sine behov og ikkje maksimal profitt. Det vil vere ein stor trang for auka kunnskap i skulen, avdi samfunnet treng ein arbeidarklasse med eit høgt kunnskapsnivå, og ein auka produksjon.

Skulen under sosialismen

Ein sosialistisk skule må vere obligatorisk. Alle må verte sikra den kunnskapen som trengst for å delta aktivt i produksjonen og i styringa av samfunnet.

Etter ein sosialistisk revolusjon må arbeidarklassen og kvinnene kjempe for ein skule som er best mogeleg ut frå deira egne interesser, akurat som dei må kjempe for ein stat som tener dei sjølv.

Skulen må endre klassekarakter og må tilpasse seg den nye produksjonsmåten og dei nye maktforhalda.

Kunnskapsformidlinga i den sosialistiske skulen skal foregå


på arbeidarklassen sine premisar. Det skal vere arbeiderklassen som skal bestemme innhaldet og utvalet.

Undervisningsforma i skulen under sosialismen må ta utgangspunkt i dei erfaringane og kunnskapane arbeidarklassen og jentene har frå livet utanfor skulen. Teorien må knyttast til praksis, til folk sin røyndom. Under sosialismen må skulen byggje på arbeiderklassen sin historie, språk og kultur.

Nett avdi arbeidarklassen har makta i samfunnet, vil det vere mogeleg å mobilisere i auka læring. Arbeiderklassen må slåss for å høyne sitt eige kunnskapsnivå.

Det trengst allsidig viteskapleg og fagleg kunnskap for å kunne drive og utvikle produksjonen og sikre det matrielle

Raud Ungdom meiner at skulen under sosialismen må knyttast nærare den verksemda som pågår elles i samfunnet.



grunnlaget for samfunnet og for å kunne delta i styringa.

Ei stadig forbedring og utvikling av produksjonen vil legge det matrielle grunnlaget for frigjering av tid til politisk aktivitet, og gjere det mogeleg for arbeidarklassen å ta aktivt del å samfunnsstyringa. Utviklinga av produktivkreftene utgjør altså grunnlaget for overgangen frå sosialisme til kommunisme.

Klassekampen avgjer om sosialismen vil utvikle seg til kommunisme.

Læringa i skulen må knyttast til læringa i samfunnet

Raud Ungdom meiner at skulen under sosialismen må knyttast nærare den verksemda som pågår elles i samfunnet. Dette tyder at delar av undervisninga i skulen må kombinerast med undervisninga utanfor skulen.

Læringa under sosialismen må bryte ned dei ramene skulen set. Ei styrka kunnskapsformidling tyder at større og større delar av læringa vert knytta nærare til styringa, produksjonen og folk sitt liv i samfunnet som heilskap.

Læringa som i større og større grad vil skje med utgangspunkt i samfunnet som kollektiv, vil vere ein kvalitativ anna måte å tileigne seg kunnskap på enn i dag. Arbeiderklassen må gjere seg mindre og mindre avhengig av dei intellektuelle for å formidle kunnskapen.

Arbeidsdeling

Eit avgjerande hinder for å nå

det klasselause samfunnet, er dei store arbeidsdelingane i samfunnet: Mellom klassar, mellom kjønn, mellom ånd- og håndsarbeid. Om eit sosialistisk samfunn ikkje planmessig arbeidar for å bryte ned desse arbeidsdelingane, vil sosialismen tape.

Kampen for å oppheve arbeidsdelingane vil føregå på mange område i samfunnet. Skulen under sosialismen må bidra til å bryte ned arbeidsdelingane i samfunnet.

Elevkamp

Den sosialistiske skulen må ha eit reelt elevdemokrati. Dette tyder at elevane må ha reell innverknad på korleis skulen vert driven, aksjonsrettar i tilhøve til skuleleiinga osv. Allmøte må vere skulen sitt høgaste organ.

Og under sosialismen vil elevane trenge uavhengige interesseorganisasjonar som kan representere deira interesser i tilhøve til den sosialistiske staten. Elevane sine interesseorganisasjonar må vere sikra demonstrasjons og streikerett.

Målet: Eit samfunn uten undertrykking

Det klasselause, kommunistiske samfunnet er eit samfunn kor staten ikkje lenger eksisterer som eit undertrykkingsapparat for ein klasse over ein anna, og kor det for fyrste gong i verdshistoria går an å snakke om verkelege frie menneske. «Det frie mennesket» betyr menneske som lever i eit samfunn fritt for undertrykking, over- og underordningsmekanismer og sosialt

bestemte rollar. Det er å leve og arbeide saman med andre menneske både for kollektivet og for seg sjølv. Det er å gjere menneska til noko meir enn det å produsere og slite kvar dag, men å kunne engasjere seg i å utvikle ei verd som kan tilfredsstille elle menneskelege behov. Eit slikt samfunn må verte eit samfunn kor kjærleik og omsorg for kvarandre vert ein viktig del av sjølve livet.

Skal det være mogeleg å nå dette samfunnet, må den undertrykte klassen og det undertrykte kjønnnet erobre styringa.

Før kvinna dreier det seg og

om å gjere seg fri frå kjønns-slaveriet og for å verte sett på og vurdert som likeverdige menneske.

Raud Ungdom ser på sosialismen som mogleheitane sitt samfunn. Sosialismen vil gjere det mogeleg for arbeiderklassen å lære allsidig kunnskap om naturen og samfunnet - på eigne premisser. Og ikkje minst opnar sosialismen for at menneska kan frigjere seg frå ei historie bygd på undertrykking og utbytting, og for at arbeidarklassen kan stille seg i spissen for dette.

Kapittel 1:

Kapitalismen - mindretallet har makta 4

Kapittel 2:

Skulen i det kapitalistiske samfunnet 8

Kapittel 3:

Til kamp for kunnskap 15

Kapittel 4:

Sosialismen 26

RAUD  **UNGDOM**

Postboks 610, Sentrum
0106 Oslo 1
Tlf.: (02) 37 73 50